

# KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

## PÅSKA 2025



## «SØ BLÆDDE DEI SALMUR»

I dei siste par åra har me i blant hatt samtaler med dei som er med i soknerådet. Ei av dei som er med, er Mari Stana Borstad, og ho vil me gjerne bli litt betre kjend med. Mari fortel at ho er frå Hamar, der ho fekk gode oppvekstår med vidt utsyn mot Mjøsa og breie bygder. Ja, her skaffa ho seg òg lærarutdanning, før ho utdanna seg vidare i Oslo med mastergrad i pedagogikk. I hovudstaden fekk ho kjenne på storbylivet, men vegen var aldri lang til turar i Nordmarka og Østmarka. For nokre år sidan vart det giftarmål med Hans-Christian, og etter kvart fekk dei borna, Ingeborg, Samuel og Ragnhild. På Abildsø i Oslo var dei med i Oslo Misjonskirke, ei stor og triveleg forsamling med inspirerande barnearbeid. Frå denne tida har dei gode minne og verdifulle impulsar som dei tek med seg vidare.



### – Det var vel ein viss overgang å flytte frå Oslo til Borstad?

– Ja, det var det, men eg synest det har gått greitt. Vi trivst godt, både store og små. Vi har rikeleg med boltreplassar, og vi er glade i å kome oss ut på turar, både med og utan ski. Dessutan synest eg det har stor verdi at ungane våre får vekse opp med sauер i fjøset, med bær, fuglar og skogsdyr tett innpå oss.

### – Du tok òg med deg arbeidsplassen din?

– Ja, eg tok med meg arbeidet mitt i Statens pensjonskasse. Det har gått greitt, synest eg. Nå har eg permisjon, men når eg kjem i gang att, blir det ein kombinasjon av arbeid i Statens pensjonskasse og arbeid på garden.

### – Du er med både i soknerådet og i opplegg med Babysong?

– Ja, då eg kom hit, fekk eg spørsmål om å bli med, og det er nå viktig at vi kan svare ja til ein del av det vi får spørsmål om. Slik var det òg med Baybysong. I år har vi Babysong på Kvileheimen, og det er kjekt at dei eldste og dei yngste kan samlast til ei triveleg sangstund.

### – Så må me få høyre kva du har funne fram frå songskatten vår?

– Det er naturleg nok slik at det er mange vakre songar som vi set pris på og som kan passe i ulike samanhengar og til litt ulike tider. Denne gongen stansa eg opp ved den gamle salmen Lat din Ande med oss vera. Denne hadde vi valt ut til dåpen til yngste dotter vår, Ragnhild. Då fekk vi òg bruke ein ny melodi som ein venn av oss har laga. Slik fekk vi ein ny, vakker melodi til den gamle salmen som fortel fint om kor godt det er å kunne ha med seg ei trygg tru på Guds omsorg som eit ankerfeste gjennom livet.

TV

## Og lat din Ande med oss vera

nr. 581 i Norsk Salmebok.



1. Å, lat din Ande med oss vera,  
Du som dei små tok i din famn!  
No vil me borna våre bera,  
til dåpen, Frelsar, i ditt namn.

2. Ja, med ditt namn vil me dei kalla,  
og be at dei med deg må gå.  
Må du dei fast ved handa halda,  
så fram til målet dei kan nå.

3. Styrk deira fot, om år vert mange,  
til gråe hår og alderdom.  
Vert åra få, styr deira gange,  
mot Faders hus med mange rom.

4. Ditt namn i deira namn du skrive,  
og namnet deira i di hand,  
så dei i døden og i livet  
med deg i samfunn leva kan.

Tekst: James Allen, 1757. Alfred Hauge, 1979  
Melodi: Ludvig M. Lindmann, 1862



## ANDAKT

Vi er inne i ei veldig fin tid på året. Dagane blir lengre, sola skin frå himmelen, og «nytt liv av daude gror». Eg håpar at leseren kan finne tid til å kjenne på «vårunderet».

I kyrkjeåret er det no fastetid og påskehøgtid som gjeld. Påskehøgtida er for mange knytt til slikt som påskeegg, påskenuotter på TV, krim, familieferie, skigåing, appelsiner, sol og hyttekos. Det er veldig interessant å tenke på slike «skikkar» som utarbeider seg. Dei har ofte sin eigen logikk.

Ein kunne tenke slik: I vår moderne protestantiske tid er det mange som kjenner på at «tid er pengar», og at liv og samfunn mest blir som ei stor maskin. Då er påska ei kjærkomen pause som kan fyllast med naturlege og meiningsfulle ting som gjev kvile og glede.

Som prest arbeider eg med den djupe visdomen i fastetid og påskehøgtida. Eg kjenner på at vår tid nok treng å få ta imot denne visdomen og dette mysteriet ikkje berre i ord og høyring, men også med heile kroppen, så å seie. Då blir det viktig å vere merksam på dei tradisjonsbundne rituelle handlingane som hører til denne tida. Dei er det mange av...

Rett før fastetid har vi slikt som karneval og fastelaven – ei tid for fest og leik og god mat, for både unge og eldre! På oskeonsdagen teiknast krossar av aske i panna til kyrkjelyden, som symbol på at vi er jordiske og forgjengelege skapningar.

Fastetida pregast av slikt som bøn, klagesong, offer, solidaritet, kamp, sjølvfornekting og måtehald. Og kan hende burde vi protestantar teke opp at den gamle tradisjonen med å ikkje ete kjøt på fredagane i fastetida? At faste frå skjerm og elektronikk kan vere godt, er også klart.

På palmesundag syng vi «Hosianna, Davids Son!», og nokre stader brukar ein palmeblad. Skjærtorsdagen har det gamle fotvaskingsritualet i seg. (Eit liturgisk alternativ også i Den norske kyrkja, men få tør prøve seg!) Kyrkjelyden delar det mystiske måltidet, som Jesus innstifta denne dagen.

Langfredag er den mest alvorstunge dagen i kyrkjeåret. På denne dagen skal vi vere ekstra stille, og mange stader i verda er det krossvandringar i solidaritet med den døyande Kristus. Ei historiebok fortel interessant nok at norske bønder på 17- 1800-talet på denne dagen hadde for vane å ete kald sildesuppe og plage seg sjølve med hardt arbeid, i solidaritet med Kristi lidning.

På påskedagen er det gammal tradisjon for å stå opp «i otta» og sjå på «soldansen». I gudstene-sta skal eigentleg presten gå inn i ei mørklagt kyrkje med eit stort tent Kristusljos. Han skal dele av ljoset til kvar einskild i kyrkjelyden, som har kvart sitt vesle ljos. Til slutt er mørke snudd til ljos – eit symbol på at Kristus har sigra over synda og døden.

Så vil eg med dette helse kvar og ein av dykk – i Nordbygda, Kyrkjebrygda, Fjone, Tveitsund, Heimdal, Tjønnefoss, Haugsjåsund og Felle – og ynskje dykk alle ei god påskehøgtid og ein ljos vår!

Sokneprest  
Hallvard Nordbø Jørgensen



## ME STAKK INNOM REIDUN SØNDERLAND – SOM MINNEST «SOLSKINØYA» MADAGASKAR

Ein marsdag med sol og vårbla himmel over Langfjell treffer me Reidun Sønderland i den trivelege bustaden ved Omsorgssenteret. Reidun synest ho har det godt her. Ho vil slett ikkje klage om ho ikkje lenger er like god til beins, eller at synet ikkje er like godt som det ein gong var. Ho synest ho har mykje å takke for, ikkje minst for at ho framleis har klare tankar og rike minne. Og nå må me samtidig få gratulere Reidun med at ho nett har runda 90-årsbøya i fin stil. Livsgleda har ho hatt med seg heilt sidan ho trødde barnesko i Fredrikstad. Ja, der kan me som kjent møte fleire med ei optimistisk innstilling som held fast på at «det ordnær sæ».

### Trygg oppvekst i Fredrikstad – og tidlege tankar om misjon

– Jeg ble født i Fredrikstad 6.mars 1935 og vokste opp som minste jente, ja, til og med som attpåklaft i en søskensflokk på 10. Jeg fikk en trygg og god oppvekst på gården vår med åkerbruk og dyr. På den tid måtte store og små gjøre nytte for seg. Vi var glade for at vi hadde hus og heim og mat på bordet, men det var ikke fritt for at vi måtte snu på kronene, minnest Reidun frå barndomsdagane.

– *Du har fortalt at du ikkje var stor jente før du fekk høre om misjonsarbeidet i Afrika?*

– Nei, det er sant. Mor og far var levende opptatt av misjon og arbeidet til Det norske Misjons-selskap. Jeg var ikke stor jente før jeg fikk høre om arbeidet på Madagaskar. Da jeg var 11 år, så jeg filmen *Wondo*. Den gjorde et sterkt inntrykk på meg. Jo, den filmen var nok med på å gi tanker om et misjonskall, kjem det ettertenksamt frå Reidun.

Tankane om misjonsteneste sleppte ikkje taket, men somme dagar kunne det dukke opp tvil. Samtaler med sekretær Josef Dahl i Misjonsselskapet fekk tankane inn i gode spor. Han slo fast at ho var både god nok og vaksen nok. – Det var naturligvis godt å høre, fortel Reidun vidare, – og en kveld da jeg var på leir og gikk og tenkte på dette, kom det til meg et ord fra Bibelen, fra Andre brevet til Timoteus, 1. 9: "Han kalte oss ikke på grunn av rettferdige gjerninger.....".

**Utdanning og yrkesliv** Då Reidun vokste opp, var det ikkje like lett for jenter å få vidare skulegang. Foreldra tenkte som dei fleste andre på den tid at det var mest om å gjere for gutane å skaffe seg utdanning. Slik blei det til at Reidun fekk seg huspost i Oslo. Men etter kvart la det seg likevel til rettes med utdanning, fyrst eit gildt folkehøgskuleår på Haugetun, før det bar vidare til middelskule og sjukepleiar-skulen i Fredrikstad. Arbeid fekk ho på sjukehuset i Halden. Som ho sjølv seier, blei det 10 interessante år, medrekna eitt års permisjon med jordmorutdanning i Bergen.

### Ledig stilling på Madagaskar

Ein sommar då Reidun drog til Stavanger for å vere med på generalforsamlinga i Misjonsselskapet, fekk ho greie på at det var ledig sjukepleiarstilling på austfeltet på Madagaskar. Reidun blei fylt med spenning. Var det ikkje dette ho hadde venta på? Neste dag gjekk ho bort til gene-ralsekretären og stakk ein lapp i handa hans.

Nå la det seg til rettes steg for steg, noko Reidun har fortalt meir grundig om i Kyrkjelydsbladet i ei tidlegare utgåve. Denne venda nøyer me oss med å nemne at Reidun blei høgtideleg vigsla til misjonær i ei full Borge kirke. Før ho drog til Paris for å lære fransk, fekk ho vere heime og hjelpe far sin som var alvorleg sjuk. –Leit var det naturligvis at pappa lå på det siste, men han ble glad da han fikk høre at jeg ville dra ut. Og jeg var takknemlig for at jeg fikk være med å pleie pappa og støtte mamma i tida fram til han døde. Nå kjente jeg meg også mer fri til å ta et så pass stort steg, minnest Reidun.

Då studietida i Paris var avslutta, sette Reidun mykje inn på å få ein tur heim før utreisa. – Mor var så glad. Ho hadde ikke venta å se meg på lang tid. Du vett, i den tida dro `ke misjonærane hjem på ferie, kjem det smilande frå Reidun på umiskjenneleg Fredrikstad-dialekt.

#### **Varmt møte med "Solskinsøya"**

Ein solvarm ettermiddag gjekk Reidun utetter flyplassen i Antananarivo, hovudstaden på Madagaskar, der flyet nett hadde landa. Då kjem ei lita jente springande mot henne og ropar: –Er det du som er den nye tante Reidun? Ei vennleg mottaking heldt fram då ho møtte resten av familien Gramstad. Dagane fylgte med mykje nytt og mange utfordringar, ikkje minst med å lære det gassiske språket. God språkpraksis og nye venner fekk ho då budde på internatet på husmor- og bibelskulen i Vaingandrano.

#### **Misjonsarbeid på austkysten av Madagaskar**

– Jo da, jeg kjøpte meg en landrover av misjonær Kringlebotn, fortel Reidun vidare og ler litt, – den hadde absolutt sett sine beste dager. Det ska vera visst, og veiane var minst like dårlige, men vi humpa nå av stè , Helena Trydal fra Gjerstad og jeg, og fram kom vi også. På misjonsstasjonen skulle Reidun ha ansvar for poliklinikken og Helena for skulen. Ved sida av dei to damene budde det to familiarer der. Og her var det både grunnskule, bibelskule og kyrkje, ja, òg ein frodig hage med bognande blomar, blant anna med 400 nydelege amaryllis.

Nå var det ikkje alltid at det blei ledige stunder til hagearbeid. På poliklinikken venta det stadig nye pasientar som trong sårbehandling, bandasjar og ulike slag medisinar med og utan sprøyter. Ikkje så sjeldan måtte Reidun gje seg i kast med behandling utan å ha andre sjukepleiarar eller lege å rádføre seg med. Lange turar utover på landsbygda blei det òg, stundom med utfordringar som gjorde at ho måtte arbeide i ein landsby i fleire dagar.

Om kveldane samla dei seg til møte i kvinneforeningane. Presten på misjonsstasjonen var av og til med på turane, og då var det han som tala. –Jeg regna meg egentlig ikke som så veldig talefør, men det var ikke alltid at det skulle så mange ord til heller, kjem Reidun i hug, – jeg kunne merke at det



Amaryllus på Madagaskar

Foto: NMS

av og til var nok å si fram noen vers fra Bibelen, slik som Joh. 3,16. Jo, det var underlig en gang. Hele landsbyen stod og venta på oss da vi kom. Nå hadde de bestemt seg alle sammen for at de vil ta imot evangeliet og tro på Jesus.

#### **Eit vennleg folk**

Reidun har eit rikt minnealbum frå fem år i lag med gassarane, møte og opplevingar som fortel om eit vennleg folk. – Guttane på bibelskolen visste ikke det beste de skulle gjøre for oss. Så de noe vi trengte hjelp med, var de på pletten. Det er godt å vite at arbeidet blir ført videre både av det gassiske folket sjøl og ved hjelp norsk misjon og bistand. Det er store behov, men arbeidet gjennom mange år viser at det nyttar, seier Reidun med smilande augo. Ho fekk sett litt av utviklinga då ho tok ein tur nedatt til Madagaskar for nokre år sidan.

#### **Påske på misjonsstasjonen**

Det blei lagt stor vekt på å stelle til ei hyggeleg påskefeiring på misjonsstasjonen. Dei pynta, stelte og vaska og laga mykje god mat. Alle på stasjonen og alle som kom innom i påska, skulle i alle fall få minst eitt godt måltid. Fyrst i påska kom mange traskande frå landsbyane omkring. Somme hadde lagt bak seg eit nokså drygt vegstykke for å vere med på påskemøta. Mellom møta var det servering og god tid til hyggeleg samvær. Både på møta og gudstestesta påskemorgon tona det fram songar, både frå Afrika og dei me kjenner frå den nordiske songskatten, slik som *Krist stod opp fra døde, Jeg vet at min gjenløser lever, Jesus lever, graven brast og Påskemorgen slukker sorgen*.

– En sang som vi sang mye, er faktisk fra Afrika, fortel Reidun, – ja, i sangen *Han er oppstanten, Halleluja* var det tydelig at det strålte fram en ekte glede over det mange hadde fått oppleve, ikke bare i jublende påskedager, men ikke minst over at Han som har vunnet over død og grav, også har lovt å være med alle dager, ja, i alle slags dager, i medgang og motgang. Og med denne songen frå Tanzania, som òg har fått plass i *Norsk Salmebok*, vil Reidun gjerne sende ei helsing til alle i Nissedal kommune med gode ynske om velsigna påske.

TV



*Han er oppstanten. Halleluja!  
Lov ham og pris ham! Halleluja!  
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.  
Han har beseiret mørke og død.*

*Omkvede:  
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,  
han som gir synderen livet igjen!  
Halleluja! Vi skyldfrie er.  
Halleluja! Vår Jesus er her!*



Reidun Sønderland og Herdis Pedersen  
på Madagaskar.

## NISSEDAL SOKNERÅD SATSAR PÅ BARN OG UNGE

**Soknerådet i Nissedal brenn for å gje barn og unge i soknet gode og trygge møteplassar, der dei kan leike og lære om Jesus. No vil dei at ein trusopplærar skal leie dette arbeidet.**

Arbeid for barn og unge er ein av grunnpilarane i det å vere kyrkje. Det er med på å skape liv og engasjement for Jesus. Nissedal har i mange år vore velsignna med eit godt tilbod i alle grendene. No har fleire av dei som har stått på i mange år gjeve beskjed om at det er på tide at yngre krefter trør til. Soknerådet har difor bestemt at kyrkja må tenke litt annleis, og ynskjer å tilsetje ein trusopplærar i 20 prosent stilling frå hausten av.



Trusopplæraren skal vere med på å drive arbeidet.

Det skjer utruleg mykje bra i Nissedal, så mykje handlar om å støtte opp om det som allereie skjer. Det er likevel viktig for alle dei friviljuge, at det er nokon som kan ordne alt det praktiske og ha eit overordna ansvar. Då trur me også det vil vere lettare å seie ja til å hjelpe til framover.

Ein løna trusopplærar kostar pengar. I haust blei det difor oppretta ei fast gjevarteneste med mål om samle 100 000 kroner årleg. I skrivande stund er det 10 gjevarar som til saman gjev 48 000 kroner i året. Det er fantastisk, men me treng fleire. Dersom du sit med eit bankande hjarte for trusopplæringsarbeidet i Nissedal, oppmodar me deg til å bli med på laget.

Det er enkelt å bli fast gjevar! Du finn informasjon på nettsida vår [nissedal.kyrkje.no](http://nissedal.kyrkje.no) eller i brosjyrar i kyrkjene. Det går også an å få hjelp på kyrkjekontoret.

### KYRKJA HAR FÅTT SI EIGA NETTSIDE!

Adresse til denne er [nissedal.kyrkje.no](http://nissedal.kyrkje.no).

Kyrkja ynskjer å nå ut til så mange som mogleg med informasjon om det som skjer i soknet vårt. Soknerådet vedtok difor i haust at me skulle få vår eiga nettside. No er denne på plass, og me er skikkeleg fornøgde med resultatet!



## GUDSTENESTELISTE MED OFFER VÅREN 2025

### April

13.	11.00	Felle Kapell	Palmesundag	Søndagsskulen i Telemark
13.	17.00	Fjone bedehus	Palmesundag, kveldsmat	Søndagsskulen i Telemark
17.	17.00	Nissedal kyrkje	Skjærtorsdag, kveldsmat	
18.	11.00	Treungen kyrkje	Langfredag	
20.	11.00	Nissedal kyrkje	1. påskedag	Kirkens nødhjelp
27.	11.00	Vinje	Diakonisamling	

### Mai

01.	11.00	Treungen kyrkje	Solidaritetsgudsteneste	Frelsesarmeens
11.	11.00	Treungen kyrkje	Samtalegudsteneste,	Trusopplæringa
17.	10.00	Nissedal kyrkje	Konfirmantar	Kirkens SOS
25.	17.00	Treungen kyrkje	17. mai gudsteneste Song og salme kveld Kyrkjekaffi	Kyrkjelydsarbeidet

### Juni

08.	11.00	Nissedal kyrkje	1. pinsedag	Diakoniprosjektet
15.	11.00	Fjone bedehus	Familiegudsteneste	Trusopplæringa
22.	11.00	Treungen kyrkje	Familiegudsteneste	Trusopplæringa

Treng du skyss til gudsteneste, kan du ringe: Liv Lia, tlf.: 414 470 19 (Treungen) eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21 (Nissedal)



## NORMISJON – TREUNGEN BEDEHUS



### April

Torsdag 03. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.  
Onsdag 09. kl.19.00 Møte i bedehuset, Ulf Børje Rahm. (Ikkje Haugsjåsund)  
Torsdag 10. kl.19.00 Bøn og samtale.  
Torsdag 24. kl.19.00 Møte, Ulf Børje Rahm.

### Mai

Sundag 04. kl.18.00 Sang/radiokveld RADIO MG  
- Johan og Gunilla Sigvardsson. Torsdag 08. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.  
Torsdag 15. kl.19.00 Bibeltime, Arvid Hunemo.

## KATOLSKE MESSER I TREUNGEN KYRKJE

Søndag 20. april (1. påskedag) kl. 15.00  
Søndag 25. mai kl. 15.00  
Søndag 15. juni kl. 15.00



## FJONE BEDEHUS

Damenes kvar første torsdag i månaden kl 19.

Sjå på nettet.

**Barnearbeid.** Supermåndag. Sjå på nettet.

**BASAR** Laurdag 24.mai kl 17.

Åresal lodd på bok og barnebok.

## FELLE FRIKYRKJE

Sundag 4.mai kl.11.00: Møte  
Vel møtt!

## TREUNGEN FRIKYRKJE APRIL – JULI 2025



Torsdag 22. kl.19.00 Bøn og samtale.  
Torsdag 29. kl.11.00 Kr.h.f.dag, Berit og Arne Øystein Rambekk.

### Juni

Torsdag 05. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.  
Torsdag 19. kl.19.00 Møte, Oddvar Svalastog.  
Måndag 23. kl.18.00 St.hans. arr. Frikyrkja.

Kvar torsdag i tida 03.juli til og med 07.aug. er det bøn og samtale i bedehuset kl.19.00.

**Vi oppmodar til å fylgje med på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no) då det kan kome endringar i programmet.**

### APRIL

01. 18.00 Kvinneforening  
02. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
06. 11.00 Gudsteneste. Nattverd  
09. 17.30 Friklubb og Lollipop  
09. 19.00 Dugnad og fellesskap  
13. 11.00 Familiegudsteneste – Palmesundag  
17. 11.30 Nattverdsamling på NOS-talgi  
18. 19.00 Framsyning «Du er klippen»  
20. 11.00 Høgtidsgudsteneste  
23. 17.30 Open Friklubb  
27. 19.00 Husgrupper  
29. 18.00 Kvinneforening  
30. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

### MAI

04. 18.00 Kveldsgudsteneste. Nattverd  
07. 18.00 Vårdugnad og fellesskap  
11. 19.00 Husgrupper  
13. 18.00 Kvinneforening  
14. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
21. 18.00 Vårdugnad og fellesskap  
27. 18.00 Kvinneforening. Avslutning  
28. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

### JUNI

01. 19.00 Husgrupper  
08. 11.00 Høgtidsgudsteneste  
10. 18.00 Kyrkjelydsmöte  
11. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
13.-15. Tweensleir Fjelltun  
15. 11.00 Gudsteneste. Nattverd  
20.-22. Barneleir på Fjelltun  
23. 18.00 St. Hans feiring.

### JULI

13. 11.00 Utегudsteneste på Odden på Nes

**Ynskjer du å starte i ei av husgruppene våre så ta kontakt med: Lena Haugsjå: 90685202**

**Vil du bli fast givar?**

**Ta kontakt med kasserar tlf: 48046377**

**Treungen frikyrkje sin gåvekonto  
2714.10.06628 Vipps nr.27037**

### «Du er klippen»

Langfredag kl.19.00 set vi opp framsyninga «Du er klippen» Den blei spelt første gong i Treungen frikyrkje for 50 år sidan og har blitt spelt mange gonger sidan. Tidlegare rolleinhavarar blir med som skodespelarar og Ådne Svalastog blir med på piano. Vi håper mange er klare for å mimre litt eller for å få eit nyt møte med dette stykket, der ein får møte lærersveina- ne etter at Jesus er korsfesta.




Det blir kveldsmat og sosialt samvær i peisestoga etter framsyninga.

**Velkommen!**

### Fjelltunleirar sommaren 2025


13.-15. juni: Tweensleir 4.kl -7.kl (2015-2012 )  
20.-22.juni: Barneleir 1.kl - 4.kl (2018- 2015)  
Vi ønsker velkommen til aktivitet, leik, møter, song, kanopadling og mykje moro på Fjelltun. Sjekk ut [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no) for info.





# MELDINGSBLAD

## NISSEDAL KOMMUNE



Nr. 1

2025

### Laget kring barnet

Laget kring barnet er eit kjerneomgrep som alle kommunar skal arbeide etter. Det har blitt forsterka og synleggjort dei seinare åra gjennom ulike stortingsmeldingar, samhandlingsreform og oppvekstreform, for å nemne noko.

Eining for velferd og eining for oppvekst og kultur har dei siste åra vidareutvikla samhandling og samarbeid kring våre barn og unge i Nissedal kommune. Politikk og administrasjon arbeidar samtidig med å finne felles mål og retning for arbeidet. Det er spennande tider!

Kompetanseløftet for inkluderande praksis er eit døme på satsing som går på tvers av einingane våre. Prosjekt Binders vil mange kjenne til, der målet er å forene tilboda på dag, ettermiddag og kveldstid. Vi vil styrke det frivillige tilbodet og det frivillige apparatet.

Nokre av dykk har vore med på våre foreldrestøttande tiltak. Det er universelle tiltak for alle som har barn i visse aldersgrupper, og har blitt godt motteke. Å vere forelder kan vere utfordrande til tider, og det er godt å kunne samlast, utveksle erfaringar og få gode råd og tips.

I barnehage og skule arbeidar vi saman med helse med reguleringsstøttande aktivitetar. Uro og utfordrande åtferd er aukande blant barn og unge i heile landet, og her nyttar vi forskingsbaserte aktivitetar og tilnærmingar for å møte alle barn og unge på ein trygg og god måte.

Vi er særleg stolte av å ha vår eigen PP-teneste i kommunen frå 1. januar i år. PPT er ein sentral aktør i *Laget kring barnet* og vi er glade for å ha PPT tettare på enn nokon sinne. I samband med oppstart av Nissedal PPT har vi danna *Spesialpedagogisk fagteam* som består av PPT-ansvarleg rådgjevar, logoped, spesialpedagogar frå barnehage og skule, helsesjukepleiar og kommunalsjef for oppvekst og kultur. Dette teamet ser på trendar og utviklingstrekk blant våre barn og unge, og skal arbeide systemisk for å møte utfordringane vi ser på ein god måte.

Dette er berre ein brøkdel av alt det gode arbeidet som skjer, ikkje minst dei daglege møta tilsette i kultur, barnehage og skule har med alle våre barn og elevar. Her kunne eg ha skrive ei lang avhandling om alt det gode som skjer kvar dag!

Nissedal kommune, og arbeidet som blir gjort her, blir stadig løfta fram i regionale fora. Vi er

stolte av at arbeidet blir lagt merke til. Nissedal blei nyleg nemnd av Telemark Fylkeskommune som eit godt døme på at tiltaka hjelper, med bakgrunn i den enorme endringa vi har sett i resultata på UngData-undersøkingar. Våre barn og unge trivst i Nissedal!

Bildet er frå kommunestyremøte 13.02. då underteikna hadde med seg helsesjukepleiar Anita Haugstad Haugsjå og PPT-ansvarleg rådgjevar Solbjørg Vik Hansen for å orientere om arbeidet med laget kring barnet.

Eg håper de som les dette kjenner dykk att i tilbodet for barn og unge i Nissedal er godt. Dersom du ikkje gjer det, ta gjerne kontakt slik at vi kan tette laget kring ditt barn!

*Beste helsing,  
Reidun Carol Retterholt  
Kommunalsjef oppvekst og kultur*



**Hellerdals**  
- begravelsesbyrå -

Vi er her for deg ♥

Døgnåpen vakttelefon hele året - 37 15 53 05

[www.hellerdals.no](http://www.hellerdals.no)



*Verdighet ved  
livets slutt*

[www.bkd.no](http://www.bkd.no)

Vakttelefon hele døgnet, 7 dager i uken: 35 98 21 94



**Vest-Telemark**

GRAVFERDSBYRÅ

Tidlegare Tokke begravelsesbyrå  
og Seljord gravferdsbyrå

**DØGNVAKT**  
**928 13 634**

Gravferdstenester. Gravstein.  
Omsliping, påskrift, vask og oppussing  
av eldre gravstein.

[www.vtgravferd.no](http://www.vtgravferd.no)

## SOKNERÅDSLEIARENS HJØRNE

Tre saker som soknerådet har fokus på for tida, er å kyrkjebygningane og vedlikehald av dei, trusopplærar og ny prest. For å ta det siste først, er prosessen med tilsetjing av ny prest nå godt igang. I skrivande stund er søknadsfristen ute og aktuelle kandidatar blir kalla inn til intervju. Soknerådsleiar og soknerådet er godt involvert i prosessen. Me må alle vere med å be om at me får ein prest som vil passe godt inn hos oss.

Kyrkjene våre er gamle og treng vedlikehald. Det som hastar mest nå, er taket på kyrkja i Kyrkjebygda. Formannskapet har innvilga midlar til prosjektet, og det skal bli søkt på offentlege midlar til hausten. Då vil det bli søkt om midlar til mellom anna måling av Nissedal kyrkje og i Treungen.

Soknerådet har eit ynskje om å satse meir på trusopplæring for barn og unge. Me har derfor eit ynskje om å kunne tilsetje ein person i 20% stilling som trusopplærar. I samband med dette har me starta med fast gjevarteneste. Her er det mogeleg å gje fast kvar månad eller ein eingongssum. Målet er å kunne få inn minimum kr 100 000 til lønn for ein trusopplærar. Nå har me nådd nærmast halve summen. Me treng altså fleire på laget og håpar fleire kan bli med på det viktige arbeidet med å drive trusopplæring for barn og unge i heile kommunen.

Gerd Irene Sønderland  
soknerådsleiar



Tårnagenthelg i Nissedal kyrkje

Øvre Telemark Begravelsesbyrå  
**Øvre Telemark  
Begravelsesbyrå AS**  
avd. Seljord, Rauland og Gransherad

**Alt innan gravferd**  
- Oppsetting, oppussing og påskrift av gravminne  
- Heilårs gravstell

**Alt innan minnesmær**  
- Levering av blomar i samarbeid med  
**Blomsterstemming** 3800 Bø i Telemark,  
**Vinje Fjellflora** 3864 Rauland og  
**Fru Tveit** 3855 Treungen

Ta kontakt for pristilbod

Døgnvakt

[telemarkbegravelse.no](http://telemarkbegravelse.no)

tlf. 466 90 000 | [post@telemarkbegravelse.no](mailto:post@telemarkbegravelse.no)  
**Seljord:** Mosasida 215, 3840 Seljord  
**Rauland:** Brendeberg 4, 3864 Rauland  
**Gransherad:** Torrudmoen 47, 3691 Gransherad

Trygt, omsorgsfullt og verdig

## BLI KJENT MED SALMEBOKA

### Påskesalme

T: Edmond L. Budry 1885 – O: Arne Fjellberg 1947 – M: G.Fr. Händel 1746

Deg være ære Herre over dødens makt  
Evig skal døden være Kristus underlagt  
Lyset fyller haven se en engel kom  
Åpnet den stengte graven  
Jesu grav er tom

Omkved: Deg være ære  
Herre over dødens makt  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt

Se Herren lever. Salige Morgenstund.  
Mørkets makter bever. Trygg er troens  
grunn. Jubelropet runger: Frelseren er her.  
Pris ham alle tunger. Kristus Herre er!  
Omkved:

Frykt ikke mere Evig er han med  
Troens øye ser det Han gir liv og fred  
Kristi navn er ære seier er hans vei  
Evig skal han regjere aldri frykter jeg  
Omkved:

«A toi la gloire» blei skrivd i 1884 og publisert i 1885 i denne utgåva av Recueil des Chants Evangeliques. Salmen blei verdenskjent gjennom Cantate Domino.

Denne salmen er ikkje noko mindre enn ein jublende lovsong til den oppstadne Kristus, som er sterkare enn døden og har sigra over mørkets makt. Av evangelia er det spesielt Matteus 18, 1-10 som ligg til grunn. «Lyset fyller haven» viser til at engelen var som lynt å sjå til og «mørkets makter bever» jf jordskjelvet. Det var ein engel som kom, ikkje to eller tre. Engelen tale blir gjengitt i første linje i både strofe to og tre. Den har og referansar til misjonsboden som står i Matteus 28,18ff.

Forfattaren var prest som og skreiv mange songar. Han hadde mange prøvingar, men trua og motet heldt han oppe. Da det gjekk mot det siste, og dei sovnlause nettene slo inn, dikta han for å synge til Gud med takksem og håp.

Melodien er frå oratoriet Judas Makkabeus av Georg Fr Händel som kom i 1746. Händel blir rekna som ei av de fremste i barokkmusikken. Han var opprinnelig tysk og studerte i både Tyskland og Italia, der han fekk innføring i italiensk opera. Oratoriet blei ein opptur for Händel etter ei tid med tung depresjon. Det er eigentleg ein hyllest til hertugen av Cumberland. Denne koralen er den einaste av Händel i salmeboka.

Sjølv om salmen står under påsketida, blir den mykje bruka elles i året, mellom anna i gravferder. Salmen står i norsk salmebok på nummer 197.

**Kantor Maria Skjæveland**

# FRÅ KYRKJEKONTORET

## Misjonsprosjekt:

Vi har nå i soknerådet bestemt at vi skal starte opp med eit nytt Misjonsprosjekt. Dette startar vi opp med 1. juni. Prosjektet vi nå skal ha er "Misjon utan grenser". Prosjektet er vald for ein 4- årsperiode. Takkar samstundes for eit godt samarbeid med Norsahel om misjonsprosjektet i Mali.

## Litt informasjon om kyrkjelydsbladet:

Vi takkar for alle gåvene som har kome inn til bladet slik at vi kan drifte det vidare. Kyrkjelydsbladet vårt ligg nå på heimesida vår. Det som vert nytt nå, er at dei som vil halde fram med på få bladet tilsendt i posten må gje tilbakemelding til kyrkjekontoret anten på e-post kyrkjekontoret@nissedal.kommune.no eller på tlf. 35048443. NB: dette gjeld IKKJE dei som bur i Nissedal kommune, dei vil halde fram med å få det i postkassene sine.

## Litt informasjon om festeavgift

I kommunestyremøtet før jul vedtok kommunen å auke prisane på å feste graver frå kr. 200,- pr.år til kr. 300,- pr.år. Vi i kyrkja krev inn feste for 5 år av gonga og fakturaene som kjem fram over nå vil vere på kr. 1 500,- for festeperioden. Ein betalar feste for kvar einskild grav. Er det to graver som deler minnestein, må ein betale for begge gravene.

Prosjektet med HC toalett og bårehuset i Nissedal var ferdigstilla sommaren 2024.

Bygget rommar ny HC toalett, oppgradert kjøle i bårehuset og nytt areal til personalet som inneheld både dusj/toalett, vaskerom og kantine.

I Treungen har vasspumpa til vatningsanlegget på kyrkjegården blitt bytta ut og det har også blitt investert i nye sitteklyppar.

## DUGNADAR VÅREN 2025

Nissedal 28. april kl. 17.00

Treungen 5. mai kl. 17.00

Felle 7. mai kl. 17.00

Ta gjerne med rake, kost, trillebår samt god arbeidslyst og godt humør!

Staben stiller med kaffe, saft og noko å bite i.



## Økonomisk resultat 2024:

I år gjekk vi med eit underskot på driftsrekneskapen og her må vi finne ei løysning på korleis vi dekker inn. Vi har hatt mange fleire gravferder enn budsjettet med dette året samt at vi har hatt meir bemanning på kontoret.

Investeringsbudsjettet hadde og eit meirforbruk, mykje som grunnar i at renoveringa og bygging av HC toalett og bårehus i Nissedal vart dyrare enn det var budsjettet med. Vi har ikkje meir fond å bruke for å dekke inn meirforbruket.

## Diakoniprosjektet i Mali

NORSahel. Gåver i 2024; kr. 59 091,57 (målsettinga er kr. 40 000,-)

## Innsamla gåver

Gjevartenesta.

Innsamla i kyrkjene/vipps (samla) kr. 228 430,23

Av dette;

- Eiga verksemد kr. 88 082,19
- NORSahel kr. 59 091,57
- Andre formål kr. 81 256,47

Fasteaksjonen

kr. 18 647,50 (i bøssene)

Til andre formål;

Sundagsskulen i Telemark kr. 13 481,50

Acta Barn og unge, Normisjon Telemark kr. 9 573,25

Kirkens Nødhjelp kr. 25 472,97

Frelsesarmeén kr. 4 097,50

Drottningborggrussen kr. 9 983,75

## ÅRETS KONFIRMANTAR:

Victoria Lohne Thronsen  
Asgeir van der Gugten Beyer-Clausen  
Andrè Martins  
Jannicke Felle Berntsen  
Hannah Falck Urdalen  
Hege Marit Skåli Vimme  
Ingrid Amalie Øigarden  
Eva Madelen Aarak-Saga  
Ingmar Kårevik

Anton Schalla Haugsjå  
Håkon Aarak Underdal  
Gustav Fjalestad Grundt  
Mathea Holskar  
Bendik Gautefald

KONF  
IRM  
AN  
\*

# EI TALE FOR DEN SOM SER

## Ein liten prikk

*Jorden snurrer rundt og rundt med barn på alle kanter.  
Over oss er himmelen med stjerner og drabanter.  
Selv er vi så små så små, og jorden er så liten,  
snurrer rundt og rundt i himmelrommet hele tiden.*

Ein kan møte kvarдagen utifrå ulike perspektiv: Ute i kveldsmørket, under stjernehimmelen, er eg ein liten prikk. Og heile jorda synest lita, slik Berit Brænne skreiv i barnesongen frå 60-talet. Men på dørstokken heime, når eg tenkjer på det nære, på Nissedal kommune, kjenner eg meg ikkje så liten. Det kan verke langt mellom Nordbygda og Felle, og eg møter ikkje så mange på min veg om eg reiser mellom ytterpunktene i kommunen. Men viss eg møter noko så er sjansen stor for at me har møtt kvarandre før. Her er mykje plass til kvar innbyggjar, men me veit på eit vis at me høyrer saman. I eit lite samfunn er me avhengige av alle, og alle har sin verdi.

På dei fyrste sidene i Bibelen kan me lese om når Gud skapte jorda. Og me kan lese at han var nøgd med skaparverket sitt. Der kan eg seie meg einig med Gud, her eg sit med utsikt over Nisser og kjenner vårsola varme. Og eg kan kjenne meg velsigna med tanken på at Gud skapte menneska. Han skapte meg. Han bryr seg om meg!

For litt sidan tok eg bussen frå dørstokken min og hamna i ein storby. Det tok fire timer. Når eg kom fram etter bussturen, var byen så stor at eg måtte ta t-banen vidare dit eg skulle. På stasjonen var det veldig mange folk. Eg såg ingen kjente, endå så mange det var der. Og eg tenkte, at her kunne ein fort forsvinne i mengda, utan at nokon la merke til det. Rart, i grunnen, for her bur folk tett i tett og møter kvarandre heile tida.

Eg kjende meg likevel litt i slekt med dei som stod der under jorda og venta. Me var alle på den vesle jorda som snurar rundt, og i det nære perspektivet- me stod alle og venta på t-banen som skulle ta oss mot eit mål. Me hadde noko til felles, akkurat der og då. Kanskje tenkte eg slik fordi eg kjem frå ein liten plass og er van med å ha relasjonar til dei fleste? Men medmenneska mine der på perrongen, dei merka jo ikkje kva eg tenkte. Dei stod der med sine gleder eller med si einsemd, like fullt. Eg snakka jo ikkje med dei.

Eg tenkjer på jorda og alle som bur her- Gud har faktisk skapt alle menneska. Han kjenner alle. Han bryr seg om alle! Han bryr seg om dei eg kjenner og dei eg ikkje kjenner- alle som ventar på t-banen.

Han bryr seg om dei eg likar, og dei eg ikkje likar. Den kan vere litt tung og svelgje. Eg kan ikkje ha Gud for meg sjølv, som min private lykkesmed. Det er ikkje slik det fungerer! Og eg veit det jo- Gud elskar alle menneske- og han oppfordrar også meg til å gjere godt mot alle. Det er ei stor utfordring, synest eg, enten eg nyt utsikten over Nisser, eller står under jorda i ein stor by.



GB.R-M.

**Opningstider  
på kyrkjekontoret:**  
Tysdag-torsdag 10–14.  
Elles treffetid etter avtale.  
Kontoret kan vere ubemannat  
pga. oppdrag ute.  
Tlf: 350 48 443/350 48 449

### **Hallvard Nordbø**

**Jørgensen**  
sokneprest  
Mobil: 95 92 29 84  
E-post: hallvard.jorgensen@  
tokke.kommune.no

### **Marte Martilla Dybdal**

Konfirmantprest  
Mobil: 47 17 72 27  
E-post: madyb@fyresdal.  
kommune.no

### **Bente Meyer**

kyrkjeverje  
Mobil: 99 54 45 43  
E-post: bente.meyer@  
nissedal.kommune.no

### **Maria Skjæveland**

kantor  
Mobil.: 94 06 02 69

### **Kyrkjetenarar**

Anne Marie H. Larsson  
Leif Lauvdal

### **Leiar i soknerådet:**

Gerd Irene Sønderland

### **Nestleiar i soknerådet:**

Astrid Eidem Nordal

### **Prostdiakon Eilev Erikstein**

Tlf.: 35 07 71 88/91 11 35 80

### **KIRKENS SOS**

TLF: 22 40 00 40

# FRÅ KYRKJEBOKA

## Nissedal kyrkje

### Dåp:

26.01. Tiril Rud Grimstvedt. Foreldre: Kine Rud og Johans Grimstvedt

### Gravferd:

14.03. Arhild Tjønn Lauvsnes, d: 04.03.2025, f: 17.07.1930  
19.03. Torleiv "Tolo" Nordal, d: 07.03.2025, f: 02.08.1940

## Treungen kyrkje

### Dåp:

16.01. Lea Isabell Holte-Gabrielsen. Foreldre: Cecilie Holte og Espen Ian Gabrielsen

16.01. Ludvik Emil Falck. Foreldre: Christina Fjelldal og Joakim Kjøsterud Falck

23.03. Synne Moen Lauvdal. Foreldre: Maria Moen og Jan Tore Lauvdal

### Gravferd:

14.02. Anna Støy, d: 06.02.2025, f: 10.09.1925

13.03. Ottar Nokevje, d: 06.03.2025, f: 25.03.1948

14.03. Tor Dagfinn Lavrantsen, d: 02.03.2025, f: 17.08.1937

## Felle kapell

### Dåp:

11.02. Leah Vintereid Olaussen, Foreldre: Marita Vintereid Pedersen og Christer Berg Olaussen

## KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

## REDAKSJON:

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42  
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal,  
priv. tlf: 99 42 33 59

## EKSPEDISJON: Kyrkjekontoret

## GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld. Trykt hos Synkron Media, Birkeland.



Teikna av Eira Hellum Parry-Jones



Teikna av Gustav Tveitane Holskar



Teikna av Skye Isabella Homleid



Teikna av Hedda Amalie Anderssen



Teikna av David Thulasi Tjønn



Teikna av Maren T. Volline



Teikna av Rasmus Fossli Løyte

Me takkar 3. og 4.klasse  
ved Kyrkjebygda  
oppvekstsenter for dei  
fine teikningane.